



# Bø kyrkjeblad

Utgåve 17 - Desember 2024



## Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjevevjerje  
**Angelika  
Faber Karsrud**

410 28 633  
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig  
**Dagne  
Mo**

404 31 829  
dagne.mo@mtkyrkje.no

Sokneprest:


**Axel J.  
Bugge**

454 77 020  
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan  
**Per Inge  
Bergem Håland**

917 89 097  
peringe.haland@mtkyrkje.no



Sekretær  
**Signe Vreim  
Østtveit**

971 82 146  
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Korleiar:  
**Grete  
Hasselgård Sele**

915 56 348  
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/  
kyrkjegardsarbeidar:

**Håkon  
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar/  
kyrkjegardsarbeidar

**Per Johan  
Nordvik**

913 89 533



Organist  
**Gudrun  
Klakegg**

971 42 510  
gudrun.klakegg@mtkyrkje.no

Takk til KIWI i Bø som gir  
oss gratis posar til utdeling av  
Kyrkjebladet!

## Det usynlege barnet

Den finske forfattaren Tove Jansson, som er kjend for bøkene om Mummietrollet, har skrive ei vakker forteljing om det usynlege barnet Ninni.

Ninni vaks opp hos tanta si som ikkje brydde seg mykje om henne. Ho aviste Ninni dagleg med kjølige og ironiske kommentarar. Etter kvart blei Ninni usynlegare både inni seg og utvendig. Til sist brydde ikkje tanta seg lenger om den usynlege Ninni og gav henne til Too-tikki. Han tek Ninni med seg til Mummifamilien, der ho blir teken godt imot. Her får den sjenerte og usynlege Ninni vere i fred og her møter ho omtanke og kjærleik. Lille My prøver å få henne med i leiken og lære henne å vise kjensler som sinne og latter. Det går ikkje så bra i starten. Men litt etter litt som dagane går i Mummidalen, blir Ninni meir trygg og litt meir synleg, for ho blir sett og respektert. Med varme og omsorg frå Mummifamilien kjem ho sakte, men sikkert til syne igjen. Snart byrjar ho å likne litt på vesle My med dei vesle rampestreka sine og ein dag blir ho heilt synleg og høyrbar.



Jula handlar om Gud som blir synleg i eit lite barn. Gud viser seg i det sårbare og vesle barnet Jesus, som er til frelse og fred for verda. Jesus er det vesle barnet som måtte flykte med foreldra sine til Egypt då kong Herodes ville drepe han. Det er Gud som held si hand over barnet og lét Jesus vekse opp i Nasaret, der han blir fylt av Guds nåde og visdom. Jesus er den som ser dei usynlege og som løfter dei svake opp. Han ser mødrene med dei små barna og velsignar dei. Han ser dei spedalske og lækjar dei, han ser kvinna ved Sykars brønn som kjente seg einsam og fordømd, han ser den vesle Sakkeus som skjulte seg i eit morbærtre. Det er Guds vesen å sjå oss! Jul er tida for å sjå kvarandre og bli sett av Gud - Jesus er den usynlege Guds auge som ser oss.

Velsigna jul!

*Axel J. Bugge*



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø  
Telefon: 35 06 10 40 • E-post: post@bokyrkje.no  
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,  
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no // Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:  
Ulf Vege, Axel J. Bugge,  
Bjørn Seljebotn  
Trykk og design:  
Superlativ Media AS  
Opplag: 3400 eks.

## Orgelbrus – smak på ordet!

Perlande, festleg, kraftfullt, vibrerende, kongeleg, høgtideleg, mykje lyd, fryd og glede!

Vi går inn i den mørke og kalde årstida. Naturen trekkjer sine krefter tilbake og vi menneske trekkjer innomhus, tenner gjerne lys og dermed eit håp. Eit håp om varme og godheit. Medan året går mot slutten rettar kyrkja blikket mot ein ny start. Julehøgtida med feiring av Jesu fødsel er som eit evig lys som kviskrar «det ordnar seg», rett i hjartet. Veldig mange vil ta del i den gode feststemde julekjensla nettopp i kyrkjene våre, og gudstenestene på julaftan er dei mest besøkte gjennom heile året. Og når «Deilig er jorden» rungar gjennom kyrkja og organisten trekkjer i alle register på orgelet – ja, då er det jul!

Kan det bli same kjensle med ei avspeling frå Spotify? Som dotter av to organistforeldre slit eg med å tenkje tanken, men det kan raskare enn vi fryktar bli ein realitet for oss, at orgla i Noreg forstummar. Årets kull med nye bachelorstudentar i kyrkjemusikk ved Noregs musikkhøgskole består av tre studentar. I Trondheim blir kyrkjemusikklinja lagd ned frå hausten 2026. Samtidig er det forventat at 30 organistar går av med pensjon kvart år i åra som kjem.



Heldigvis er vi allereie godt i gang med å dyrke fram våre eigne ureiste organistar! Hausten fekk ein god oppstart med orgel-workshop under marknadsdagen på eplefesten. Barn fekk byggje eit lite orgel i tre som seinare på dagen blei brukt til salmesong på kyrkjekaféen. Og ja – det blei servert orgelbrus i kaféen! I oktober var det oppstart av prosjektet «orgelkids i klasserom» i regi av KIRKUS. I løpet av skuleåret får alle 5.klassingane i kommunen byggje orgel, lære om orgel og oppleve orgla våre på nært hald i kyrkjene. Orgelskulen med sin nye lærar Gudrun er også i full vigør og fleire av elevane deltok under fagdagen for organistar i prostiet vårt 5. november i Sauherad kyrkje. Orgelstemmar Lasse opna ei nerdeverd av orgelhandverk for dei frammøtte, og i samband med 25-årsjubileet av orgelet i Sauherad blei alle orgla våre i Midt-Telemark nystemde.

Det skal bli varm og god julestemning med orgelbrus i mange år som kjem i Midt-Telemark!

*God jul frå Angelika*

## Den store håpsfortellingen



«Det skjedde i de dager,» slik begynner juleevangeliet. Noe stort skjedde i vår historie som fikk konsekvenser for hele verden. Da Jesus ble født, ble Gud et menneske, Fortellingen om Josef, Maria og det lille Jesusbarnet er noe av det vakreste som noen gang er blitt skrevet. Julen viser at vi betyr noe for Gud. Vi er ikke glemte, men elsket av Gud.

De gamle grekerne snakket om kraften bakfra. Med det mente de at de gode hendelsene i fortiden gir oss kraft til å leve i dag. Vissheten om ikke å være glemte, men elsket av vår skaper, har båret mennesker i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til mennesker i 2000 år.

Men grekerne snakket ikke bare om kraften bakfra, men også om kraften forfra. Med forfra tenkte de på hva som en gang skal skje. Hva vi tror om fremtiden påvirker livet vårt her og nå.

Juleevangeliet handler ikke bare om hva som en gang skjedde i vår historie. Det inngår i den store fortellingen om hva som en gang skal skje med oss og vår verden. «I dag er det født dere en Frelser, han er Den salvede, Herren», sang englene. Mot slutten av sitt liv på jorden skjedde det noe dramatisk i Jesu liv. Ikke bare ble Gud menneske, han gav også sitt liv på et kors. Lovsangen og gleden fra Betlehemsmarkene ble byttet med klage, sorg

og død. Det er for å gi mitt liv for dere, jeg er kommet sa Jesus.

Men heller ikke Jesu død er siste ordet i hva som skal skje med oss og denne verden. Jesu oppstandelse fra de døde endret vår fremtid. Disippelen Peter skriver til sine venner for å oppmuntre dem: «Velsignet er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i sin rike miskunn har født oss på ny til et levende håp ved Jesu Kristi oppstandelse fra de døde». (1. Pet 1,3)

Disse ordene blir lest ved hver dåp i kirken og når vi tar avskjed med et kjært menneske. Han som ble født som et lite forsvarsløst barn, viste seg å være sterkere enn dødens og mørkets makt. Gud skal en gang skape en ny verden hvor det er slutt på all ondskap og lidelse. Vi bekjenner at vi tror på «legemets oppstandelse og det evige liv» Det er ikke døden og mørket som seirer til sist.

Vi lever i mørkere tider enn på lang tid. Svein Ellingsen beskriver oppstandelsen som «lyset fra Guds fremtid». Med lyset fra Betlehemsmarken og lyset fra Guds fremtid får vi hjelp til å leve her og nå. Også når livet er krevende. For det er bare med kraften bakfra og forfra at livet kan leves i nået.

Velsignet advents og juletid!

*Stein Reinertsen, Biskop i Agder og Telemark*

## Julehelsing frå ordføraren



Jula nærmar seg, med frost og kulde utanfor og varme hjarte som går sine steg mot høgtida. Jula er for mange ei tid for å vera saman med dei ein er glad i, og ei tid for omtanke og sjenerøsitet. I dette fellesskapet har vi noko heilt spesielt.

Bø-kyrkjene kan vera symbol på kjærleik og vennskap der dei ligg tett saman, vakre kvar for seg, men sterkast saman. Dei minner oss om at me også står sterkast i fellesskap. Slik kan ein sjå kjærleiken, noko som strålar ut og lyser opp for alle rundt.

Eg vil takke alle folk knytt til kyrkjene

våre, og måten dei gjev av seg sjølve gjennom tru og engasjement. Tenk på alt kyrkja bidreg med i lokalsamfunnet! Frå salmar og møteplassar til konsertar og preiker. Kyrkja er ein skatt av omsorg og samspel som me ikkje kunne vore forutan.

Frå eg var liten har dei kristne verdiane betydd mykje for meg, forma gjennom søndagsskule og forteljingar om tru. Mange av oss ber med oss desse verdiane i hjartet, og kanskje særleg i jula minner dei oss på kva vi skal setja fokus på. Gud sende Jesus til jorda for å visa oss sin kjærleik, og me er kalla til å dele denne kjærleiken vidare. Særleg

no når verda rundt oss er uroleg, er det viktig å ta vare på kvarandre. Bibelen gir oss mange gode ord om samhald og nestekjærleik. Til dømes står det i Salomos ordtak 17,17:

*”Ein venn viser alltid kjærleik, ein bror er fødd til å hjelpa i naud,” og i Galatarbrevet 6,2: ”Ber byrdene for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov.”*

Me er ikkje skapt for å stå aleine, men for å hjelpa kvarandre. Når me ser og verdset kvarandre, gir me kvarandre tryggleik, ei kjensle av å høyre til. Det er i fellesskapet me finn styrke. I det å vise omtanke og omsorg for andre kjem den verkelege julegleda fram. Slik kan vi også spegle Guds godhug, at den gir tryggleik til alle som treng det. Jesaja 41,10 seier: ”Frykt ikkje, for eg er med deg. Ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.” Og i Matteus 11,28: ”Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.”

La oss minnast desse orda og løfte kvarandre i ømheit og håp, no i jula og vidare inn i det nye året. Måtte de alle få ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år.

*Siri Blichfeldt Dyrland  
ordfører i Midt-Telemark kommune*



**Lat oss be for kyrkja og verda**

*(Forbøn)*

Allmektige, evige Gud, vi takkar deg og prisar ditt heilage namn, for du er god og di miskunn tek aldri slutt.

Vi bed for alle som lever i fattigdom. Ver vern og ly for dei som er på flukt frå krig og katastrofar.

Vi bed om fred for Jerusalem og for alle som har sine håp knytte til denne byen.

Ver nær hos alle som er sjuke, og som treng hjelp.

Vi bed for alle som manglar fellesskap og kjenner seg utestengde. Hald di vernande hand over barnet i mors liv.

Gjev styrke og livsmot til alle som blir utsette for vald og overgrep.

Gjer oss til tenarar som kan lytta, lindra og lækja.

Herre, hør vår bøn.



# Julegåve

Kan du tenkje deg å gi ei gåve til arbeidet med kyrkjebladet som kjem ut 4 gonger i året? Då kan du betale inn eit valt beløp.

Vi er svært takksame for den gåva du vil gje !  
Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Julegåve til kyrkjebladet»

Vippsnummer: 11 66 73  
Bø sokn – Gåve til Bø kyrkjeblad

Beste helsing redaksjonen



## Bø kyrkjeblad

### JULEGÅVE 2024

Tusen takk til alle som har gjeve pengar til Bø kyrkjeblad!. Det har kome godt med!

Bø kyrkjeblad kjem ut med 4 nummer i året. Opplaget er på 3400 eksemplar. Frivillige gjer ein god jobb med å distribuere det i alle postkassene.

Vi oppfordrar dei som har moglegheit, til å gje ei julegåve til Bø kyrkjeblad. Summen på 200 kr er frivillig og eit forslag, den kan justerast både opp og ned.

Du kan også gi til vipps nr. #116673  
Gåve til Bø kyrkjeblad

Helsing frå redaksjonskomitéen



2801.53.52096

200,00

Betalingsinformasjon  
Julegåve 2024

**GIRO**

Betalt av

Betalt til

BØ SOKN  
Kyrkjevegen 78  
3800 Bø i Telemark

Belast  
konto



Beløp  
200 00

Til konto  
2801.53.52096

# Frivillig ungdoms- arbeidar!



Av Axel Bugge

Sveinung Groven er ein av mange frivillige som er vaksenleiar for den kristne ungdomsklubben «Sett-Ungdom». Han har vore med som frivillig i to år, og det var naturleg å engasjere seg der då han sjølv fekk store nok ungar til at dei kunne delta. Han synest det er meningsfullt å skape ein trygg samlingsstad i kristen regi for ungdom. Det er i hovudsak ungdomar i ungdomsskulealder som er med på «Sett-Ungdom», og samlingane føregår ein gong i månaden. Dei er mange flotte vaksne som bidreg i dette arbeidet ilag med eit ungdomsstyre. Sveinung hadde sjølv ei ungdomstid der ungdomskoret Salt III og Fredagstreffet på Bø Bedehus var ein viktig faktor for han på 90-talet.

Fredagstreffet var starten på det som i dag heiter Sett Ungdom, og ein av grunnleggarene Halgeir Vreim er framleis med. Fantastisk bra av han, synest Sveinung, som flytta tilbake til heimbygda for 3 år sidan.

Her bur han midt i Breisås ilag med kona Hilde, og borna Anna Nikoline, Even og Lavrans. Han jobbar som konduktør for VY Tog i Kongsberg. Eit avsluttande tips frå Sveinung til alle som vil oppfriske sin relasjon til Jesus - sjekk ut TV-serien «The Chosen» som finst gratis tilgjengeleg for strøyming i eigen app! Takk til Sveinung!

## Barnas side

Her kan dere farglegge tegningane.


Tegnet av Åsbild Maria Vege



På vei til Betlehem



Hyrde på marken



De hellige tre konger

# Under snøen

Av Ulf Vege

På forsiden er det spor etter hare. Den liker seg på snøen. Ganske store labber gjør at den ikke synker i. Snøen bærer. Den hvite fargen gjør den vanskelig å få øye på. Pelsen er tykk. Haren fryser neppe.

Slik er det ikke med smågnagere. Mus og lemen er mørke i pelsen året rundt. De bør komme seg ned i snøen så fort som mulig.

I en vanlig vinter er det et trangt rom mellom snølaget og bakken. Der er småtassene ganske trygge. Snømus kan også leve der. De er så små at de kan følge mus i gangene deres. De spiser mus, men ellers er de små ganske så trygge. De finner mat her og de bygger sine bol her. Temperaturen er behagelige null grader selv om det er minus 20 på overflaten. I gode år kan de starte ungeproduksjonen mens det ennå er vinter. Ikke rart at det noen år kan flomme helt over av lemen og mus. MEN det er lenge siden. Jeg tror det var på 90-tallet det var lemen på kirketrappa. En grunn til at det er lite små-gnagere for tiden, er at det fine rommet under snøen ikke dannes når det kommer regn som fryser på forvinteren. Det blir islag i stedet for luftlag. Denne isen gjør også livet vanskelig for reinsdyr. Maten er dekket av is.

Varme senhøster kan få enda mer katastrofale følger. Isen på vannet blir utrygg. Denne høsten druknet over hundre reinsdyr i Finnmark. Livet er tilpasset de naturlige forhold. Nå endrer disse forholdene seg så fort at livet ikke henger med. Livet taper. Alle taper.

Vi har tapt mange arter i vår tid. Samtidig er bestandene (populasjonene) av de som er igjen små i forhold til tidligere. De fleste er lei for dette. Vi som tror på en skaper som både vil liv og elsker liv, burde kanskje være særlig lei oss. Masker i det store fine nettet brister. Noen biter i veven blir borte.

*Gud forlate oss*

*Gud hjelpe oss å leve rett*



## Min julesalme: Opp, gledest alle

*1 Opp, gledest alle, gledest no  
med fagnad, fred og heilag ro  
i Herren, dykkar gleda!  
For Jesus, han er no så nær  
og vil, då han oss heve kjær,  
i kjøt og blod seg kleda.*

*2 Bort, sorg og saknad, or vårt sinn!  
Guds gleda vil me lata inn,  
at me kan Jesus fagna  
med bøn og hjartans takk og tru.  
Med honom skal i fred me bu,  
og gleda aldri tagna.*

*3 Gud, lat din fred, som høgre er  
enn hug og vit kan fata her,  
vårt hjarta vel få vara  
i Kristus Jesus, at me må  
den store jolegleda få  
som aldri bort skal fara!*

Jeg hørte den salmen for 15 år siden på platen «Strålande jul» med Sissel Kyrkjebø og Odd Nordstoga. Salmen er skrevet av Thomas Kingo i 1689 og oversatt av Elias Blix. Den originale melodien kjenner jeg ikke, men Odd Nordstoga skrev ny melodi i forbindelse med platen, og denne syns jeg er så fin! Kristian Køhn brukte den i adventstiden da han var kapellan, men senere har den sjelden blitt sunget. Nå er vi så heldige å ha den på programmet til årets julekonsert med Kyrkjekoret.

På konsertene sine har Odd Nordstoga kommentert den fine

nynorskoversettelsen. «Hva kan en si på bokmål for orda kleda, fagna, tagna, vara og fara?»


I tillegg til den fine melodien har salmen et godt budskap! Vi må glede oss over han som lot «i kjøt og blod seg kleda». Vi må glede oss over den fred han kan gi midt i en verden full av ufred og uro på så mange områder. Vår bønn må bli at Guds fred «vårt hjarta vel få vara i Kristus Jesus, at me må den store jolegleda få som aldri bort skal fara!».

*Björg Momrak*

# Advents- og julekalender

Bø kyrkje sin advents- og julekalender er rikholdig, og her bør det vera noko for nokon kvar! Følg også med på bokyrkje.no og på facebook - Bø kyrkjelyd og Korskulen i Bø.

- 1/12 kl 11:00: Familiegudsteneste. Vi tenner det fyrste ljaset i adventsstaken.  
Axel Bugge, prest. Minikoret, SingLett og Seltin.
- 8/12 kl 11:00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.  
Medverkande Thomas Johansson, trompet og Alexander Cadden, song. Gudrun Klakegg, orgel. Per Inge Håland, prest.
- 8/12 kl 19:30: Erlend Gunstveit «Det samme gamle ønsket».  
Billettpris: kr 430 + avgift (barn u/15: kr 150).
- 13/12 kl 07:00: Luciamorgon med Helga Samset, SingLett og Seltin.  
Billettpris: kr 100 for vaksne, gratis for barn (inkludert frukost!)
- 13/12 kl 19:30: Mona Skruverud med band – «Pusterom».  
Billettpris: kr 275 (barn u/16: kr 170).
- 15/12 kl 11:00: Gudsteneste på Bø sjukeheim. Open for alle.
- 15/12 kl 19:00: Vi syng og spelar jula inn (gratis for alle).
- 18/12 kl 19:00: Gledeleg jul! Til deg frå Bø kyrkjekor. Korsong og allsong.  
(Gratis for alle).
- 20/12 kl 19:00: «Julenatt». Gudrun Klakegg og Telemark Vokal. Billettpris: kr 250.
- 24/12 kl 14:30: Gudsteneste. Per Inge Håland, prest. Korskulen.
- 24/12 kl 16:00: Gudsteneste. Per Inge Håland, prest. Bø skulemusikk.
- 25/12 kl 11:00: Høgtidsgudsteneste. André Pacheco, song.  
Gudrun Klakegg, organist. Axel Bugge, prest.
- 28/12 kl 19:00: Romjulstonar m/Johanne Møllerbråten.  
Midt-Telemark Soul Children og band.  
BBillettpris: kr 325 (barn u/16: kr 150). 1/1 kl 17:00: Gudstjeneste.  
Per Inge Håland, prest. Gudrun Klakegg, orgel.



Kirsti Klingberg og Torhild  
Aavik er klare for dagens  
innsats bak disken

**NMS Gjenbruk,**  
et skattkammer  
for deg som elsker  
gjenbruk – og  
kloden vår

## VI TRENGER DEG!

Se på disse tre elementer for et godt liv:

- ✓ Være aktiv
- ✓ Være sosial
- ✓ Ha meningsfulle aktiviteter

Hele dette Kinder-egget kan vi tilby om du melder  
deg som frivillig hos NMS Gjenbruk!



Julen er allerede godt i gang hos NMS Gjenbruk Bø

## NMS Gjenbruk – et skattkammer for deg som elsker gjenbruk og kloden vår!

NMS er forkortelsen for Det Norske  
Misjonsselskap.

NMS Gjenbruk Bø ble stiftet i 2011 av en håndfull ivrige pensjonister, der mange fremdeles er med som medarbeidere. Butikken ligger sentralt til i Bøgata 19, med god parkeringsplass på Meieritorget bak bygningen. I landet totalt finnes 52 butikker i samme kjede, i tillegg til et eget lysstøperi der de lager nye kvalitetslys av gamle lysestumper. I vår butikk er mellom 30 og 40 medarbeidere i sving med variabel frekvens, alt ettersom hva den enkelte selv ønsker å investere av tid og krefter. I tillegg til å betjene kunder og kasse har mange faste oppgaver på forskjellige ansvarsområder: Butikklederjobb, prising, utstilling, klær, bøker, vaktlister, sjåfører/bærere, HMS og Sosiale medier. Alt arbeidet er ulønnet, men de fleste fortsetter i årevis fordi de trives så umåtelig godt med å være med. Miljøet blant medarbeiderne er varmt og inkluderende, dog med innslag av og rom for uenigheter og mildt opphetede diskusjoner med jevne mellomrom!

Åpningstida i butikken er mandag til  
fredag fra 11:00 til 16:30, lørdag fra 11:00  
til 15:00.

Mange synes det er verdifullt å kunne  
levere fra seg saker og ting de ikke har  
bruk for lenger til butikken, og varetil-  
førselen er upåklagelig! Varesortimentet  
er omfattende: Dameklær, saker og ting  
til huset, sport- og fritidsartikler, bøker,  
leker og spill, CD-er og DVD-er, tekstiler  
som duker, gardiner og sengetøy, håndar-  
beid, redskap, bilder, lys og tennbriketter,  
møbler, småelektriske artikler. I fjor hadde  
vi en omsetning på nærmere 1,3 millioner

kroner, og et overskudd på hele 858' kr.  
Det samlede overskuddet fra alle butikkene  
blir brukt på gode prosjekt både i Norge  
og rundt om i verden. NMS støtter 120  
prosjekt i 17 land i Afrika, Asia, Europa og  
Sør-Amerika, og arbeider med å dele troen  
på Jesus, utrydde fattigdom og bekjempe  
urettferdighet. Her er fokus på skole og  
utdanning, rent vann, helse, bærekraftig  
jordbruk og matsikkerhet, kvinners rettig-  
heter blant mye annet. Les gjerne mer på  
nettsidene til NMS ([www.nms.no](http://www.nms.no)).

Styret i NMS Gjenbruk Bø består av Hans  
Olav Lahus (styreleder), Renny Pettersen  
(nestleder), Kristi Stavsholt (sekretær),  
Heidi Vege (kasserer), Dag Oddvar Myr-  
vang (styremedlem)  
Torgjerd Lahus og Kjersti Moen er butikk-  
ledere.

Er du nyutsprungen eller erfaren pensjo-  
nist, eller ellers har tid og overskudd å  
avse? Trenger du en meningsfull aktivitet  
i livet ditt og ønsker å utgjøre en positiv  
forskjell for mennesker med en vanskelig  
tilværelse? Da vil vi veldig gjerne ha deg  
med på laget i gjenbruksbutikken vår! Du  
kan selv bestemme hvor mye du vil jobbe,  
men de fleste har vakt en gang pr uke eller  
en gang pr 14. dag. Om du tror dette kan  
være noe for deg kan du kontakte Torgjerd  
Lahus (tlf. 909 96 367) eller Heidi Vege (tlf  
911 24 752) og avtale et møte. Ønsker du  
en «prøveperiode» kan vi så klart få til det  
også!

Velkommen til oss som medarbeider!

Varmt velkommen og takk også til deg som  
leverer varer og handler i butikken vår!

## Slekters gang frå september 2024

### Døpt



22/9 2024:  
Franco Efemius  
Magaoy-Eriksen



22/9 2024:  
Vetle Lindheim Fåne



13/10 2024:  
Ragnhild Flottorp Hefre



20/10 2024:  
Ingrid Marie Førland



20/10 2024:  
Marcus Rue Myrland



20/10 2024:  
Johan Kaasine Vaa



20/10 2024:  
Mie Hellekås



3/11 2024:  
Ellinor  
Fossheim-Nergård



3/11 2024:  
Gunhild Soterud  
Øygarden

## Slekters gang frå september 2024

### Døpt



3/11 2024:  
Elise Hegna



10/11 2024:  
Tuva Bjerke Listaul



6/10 2024:  
Lilje Angre Dalen

### Gravlagde/Bisetting

25/9: Jane Grethe Tveiten  
26/9: Margit Vestgarden  
23/10: Marit Fosstveit  
24/10: Olav Haugestøl  
25/10: Marit Innleggen  
11/11: Sveinung Skoe Erikstein



«Lær oss å telja våre  
dagar så vi kan få visdom  
i hjartet! »

Salme 90.12

## Juleevangeliet – Lukas 2. 1-14

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinus var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørte til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

# Deilig er jorden

Julesalmen Deilig er jorden er kjent og kjær for mange. Salmen, som synges i de tusen hjem og kirker i juletiden, har en vakker melodi og tankevekkende tekst som bringer fram følelser i mange av oss. Men hvor «deilig» er egentlig jorden og livene våre?

Det har herjet en pandemi som vi enda ser etterdønninger etter, krigen i Ukraina har ført flere tusener på flukt og vi er nå også vitne til en krig i Midtøsten, der barn, kvinner og menn dør hver dag. Kan vi, eller vil vi, syng «deilig er jorden»? Det er ikke bare internasjonale kriger og konflikter som preger våre liv. I våre egne, personlige liv, kan vi også oppleve en hverdag som på ingen måte oppleves som «deilig». Død i nær familie, sykdom, ensomhet, motløshet eller skilsmisser kan være vel så ødeleggende. Er jorden fortsatt deilig – denne julen også?

Til min store forundring, så vel som begeistring, er det nettopp i denne konteksten – krig og elendighet – at teksten til julesalmen ble til. Salmen, skrevet av den danske poeten Bernhard Ingemann, var en protestsang til den brutale treårskrigen mellom Danmark og Preussen. Teksten ble skrevet på bakgrunn av det vi kjenner som slaget på Isted Hede (1840), og den historiske konteksten vitner om krig, elendighet og død. Selv mistet Ingemann sin far i ung alder. Livet og samtiden var «ingen dans på roser». Likevel, selv i all elendigheten, velger Ingemann å starte sin salme med Deilig er jorden - hvorfor det? Svaret på dette tror jeg vi finner i siste verslinje: Oss er en evig



Frelser født. Ingemann erkjenner livet: Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang – og det må vi også. Vi kan ikke romantisere livets mange nederlag og utfordringer med en «enkel» julesalme som skal gi oss en følelse av trygghet eller tilhørighet – men det er nettopp det vi ikke gjør når vi synger Oss er en evig Frelser født. Vi setter vårt håp til vår Frelser, Jesus Kristus, som kom til denne verden, ikke for å dømme, men for å frelse. Ved Jesus blir vi alle invitert inn til et liv der vi kan sette vårt håp til noe som er utenfor denne verden, men som samtidig har tatt del i og erkjenner krigen, elendigheten og utfordringene vi møter på. Det er dette vi feirer i julen, Jesusbarnet, som ønsker å ta del i vår svakhet og gi oss det våre sjeler lengter etter. Utfordringen ligger på oss – er vi villige til å ta imot? I en tid der verdensbildet er preget av krig og konflikt tror jeg Ingemanns salme Deilig er jorden er mer treffende en noen gang. Vi blir invitert til å sette vårt håp til den frelser som er oss født. I Jesus kan vi ta del i en verden som er «deilig», og samtidig erkjenne våre sårbare liv.

Med ønske om en god julehøytid.

*Benjamin Bugge – Teologistudent ved Ansgar Høyskole i Kristiansand.*

# Minneord om Olav Haugestøl

Olav kom slentrende inn i mitt liv for ikke så mange år siden. Han dukket opp på kyrkjekontoret: «god dag unge mann». Egentlig var jeg eldre enn ham, men pytt. Egentlig hadde jeg møtt ham før. Sammen med en ung gutt la han rør i et nybygg i Breisås. Det var da omtrent 30 år siden. Hvor i Bø ligger det ikke vannrør etter Olav.

Olav var lett og bli glad i. Hans humor, raushet og glimtet i øyet gjorde ham til en skikkelig likandes kar.

Hans trosopplevelse var etter hvert kjent for de fleste. Det var et lys i lidelsen som gjorde Olav til et lys for mange av oss. Hans arbeidsvillighet og arbeidsglede



brakte ham inn i redaksjonen for dette blad og inn i soknerådet og fellesrådet. Vi så ham slite mot slutten. Det er alltid vondt å se venner slite.

Jeg er takknemlig for å ha kjent Olav. Fred og glede være med hans minne.

*Ulf Vege  
Soknerådsleiar*

**TRENGER DU NOKON  
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.  
22 40 00 40 ♦ [soschat.no](https://soschat.no)

KIRKENS SOS



**Åpningstider: 10-18 (16)**  
Tlf: 35 06 03 50



**HAUGESTØL VVS AIS**  
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

**Tlf. 35 06 06 50**  
**Vakttlf. 480 01 222**  
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN  
TIL OSS!**


Grundige synsundersøkelser,  
god fagkunnskap, oppdatert  
utstyr, topp service,  
kjente merkevarer og  
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16  
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681  
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

 Bertelsen Nyhuus Optikk  
 bertelsennyhuusoptikk



**MURMESTER  
ESPEDALEN  
MEIR ENN MUR**

**Tlf. 35 06 03 30**  
**www.murmesterespedalen.no**

**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL  
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:  
MARTHE VALE WANG  
+47 986 18 919  
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



  
**FARGERIKE**  
*Bø Maling a/s*

Butikk: 35 95 13 50 E-post: [post@bomaling.no](mailto:post@bomaling.no)  
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: [john@bomaling.no](mailto:john@bomaling.no)

**VI UTFØRER ALT INNEN  
NYBYGG, PÅBYGG OG  
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK  
BYGG AS**

**mtbygg.no**  
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

**Sjekk ✓ Punkt**  
**BØ AUTO**

Verksted  
EU-kontroll  
Bilutstyr

**BILUTLEIE**

 **35 95 02 75**

**KIWI's PRISLØFTE**

**VI GIR OSS  
ALDRI  
PÅ PRIS!**

**KIWI** mini pris  
KIWI Bø **7-23**  
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

**SYSTEMBLOKK**

Tlf. 35 06 00 00  
**[www.systemblokk.no](http://www.systemblokk.no)**

  
UNIKT LÅSESYSTEM  
Kun hos Systemblokk

# Velkommen til gudsteneste!

| DATO    | TID   | STAD               | DAG                                                         | TEKST           |
|---------|-------|--------------------|-------------------------------------------------------------|-----------------|
| 1/12    | 11:00 | Bø kyrkje          | 1. søndag i advent.<br>Familiegudsteneste med barnekora     | Matt 21,10-17   |
| 1 / 12  | 17:00 | Tomaskapellet      | Tru og Lys. Nattverd og kyrkjekaffi                         |                 |
| 8 / 12  | 11:00 | Bø kyrkje          | 2. søndag i advent.<br>Konfirmantpresentasjon. Søndagsskule | Joh 16,21-24    |
| 15 / 12 | 11:00 | Bø sjukeheim       | 3. søndag i advent. Kantina. Nattverd                       | Joh 5,31-36     |
| 22 / 12 | 11:00 | Bø kyrkje          | 4. søndag i advent                                          | Matt 1,18-25    |
| 24 / 12 | 12:00 | Bø sjukeheim       | Julaftan. Kantina                                           | Luk 2,1-20      |
| 24 / 12 | 14:30 | Bø kyrkje          | Julaftan. Barnekora                                         | Luk 2,1-20      |
| 24 / 12 | 16:00 | Bø kyrkje          | Julaftan. Skulemusikken                                     | Luk 2,1-20      |
| 25 / 12 | 11:00 | Bø kyrkje          | Juledag. Høgtidsgudsteneste                                 | Joh 1,1-14      |
| 29 / 12 | 11:00 | Bø kyrkje          | Romjulgudsteneste                                           | Luk 2,25-35     |
| 1/1     | 17:00 | Bø kyrkje          | Nyttårsdag                                                  | Matt 18,19-20   |
| 5/1     | 11:00 | Bø kyrkje          | Kristi openberring                                          | Joh 12,42-47    |
| 12/1    | 17:00 | Bø kyrkje          | 2. søndag i openberringa                                    | Joh 1,29-34     |
| 19/1    | 11:00 | Bø kyrkje          | 3. søndag i openberringa                                    | Joh 1,15-18     |
| 26/2    | 11:00 | Bø kyrkje          | 4. søndag i openberringa                                    | Luk 13,10-17    |
| 2/2     | 11:00 | Jønnbu fjellkyrkje | Fellesgudsteneste for kyrkja, Normisjon, Soar. Kyrkjekaffi  |                 |
| 9/2     | 11:00 | Bø kyrkje          | 6. søndag i openberringa.<br>Familiegudsteneste, skileik    | Mark 13,21-27   |
| 16/2    | 17:00 | Bø kyrkje          | Såmannssøndagen                                             | Matt 13,24-30   |
| 23/2    | 11:00 | Bø kyrkje          | Kristi forklaringsdag                                       | Luk 9,28-36     |
| 2/3     | 11:00 | Bø kyrkje          | Fastelavenssøndag. Familiegudsteneste                       | Luk 18,31-34    |
| 5/3     | 18:00 | Bø kyrkje          | Askeonsdag. Skriftemål og nattverd                          |                 |
| 9/3     | 11:00 | Bø kyrkje          | 1. søndag i faste                                           | Matt 26,36-45   |
| 16/3    | 11:00 | Bø kyrkje          | 2. søndag i faste                                           | Luk 13,22-30    |
| 23/3    | 17:00 | Bø kyrkje          | Maria bodskapsdag                                           | Luk 1,39-45     |
| 30/3    | 11:00 | Bø kyrkje          | 3. søndag i faste                                           | Luk 22,28-34    |
| 6/4     | 11:00 | Bø kyrkje          | 4. søndag i faste                                           | Joh 6,24-36     |
| 13/4    | 11:00 | Bø kyrkje          | Palmesøndag. Familiegudsteneste med barnekora               | Joh 12,1-13     |
| 17/4    | 11:00 | Bø sjukeheim       | Skjærtorsdag. Kantina. Nattverd                             | Joh 13,1-17     |
| 17/4    | 19:00 | Bø kyrkje          | Skjærtorsdag. Nattverd                                      | Joh 13,1-17     |
| 18/4    | 11:00 | Bø kyrkje          | Langfredag                                                  | Luk 22,39-23,46 |
| 20/4    | 11:00 | Bø kyrkje          | 1. påskedag. Høgtidsgudsteneste                             | Joh 20,1-10     |
| 21/4    | 11:00 | Jønnbu fjellkyrkje | 2. påskedag, gudsteneste med bønnevandring                  | Joh 20,11-18    |
| 27/4    | 11:00 | Bø kyrkje          | 2. søndag i påsketida. Familiegudsteneste                   | Joh 20,24-31    |